



Tilleggsinnkalling  
av  
Plan- og kommunalteknisk utval

**Møtedato:** 22.08.2018  
**Møtestad:** Osterøy rådhus - heradsstyresalen  
**Møtetid:** 13.00 - 17.00

Eventuelle forfall må meldast til Bente Skjerpings per tlf. 56192100, sms til eller per epost til bente.skjerpings@osteroy.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Sakliste

Saknr	Tittel
-------	--------

---

082/18	Gnr. 58/1 - ny handsaming av klagesak etter jordlova §§ 12 og 9 -
--------	---

21. august 2018

Atle Solberg  
utvalsleiar

Bente Skjerpings  
sekretær

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
082/18	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	22.08.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	16/1518

## Gnr. 58/1 - ny handsaming av klagesak etter jordlova §§ 12 og 9 -

### Vedlegg:

Krav om lovlegkontroll av vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval 25.04.2018

2018\_04\_27\_09\_23\_39

58/1 - Ny handsaming av klagesak etter jordlova §§ 12 og 9.

Søknad om fradeling

58/1 - Klage på vedtak - Søknad om frådeling av parsell

58/1 - Klage på vedtak om frådeling av ein parsell på 13,8 daa.

Kartvedlegg

58/1 - vedr. klage på vedtak - Frådeling av parasell - Habilitetsinnsigelsar

Vedr klage på vedtak - frådeling av parsell - habilitetsinnsigelsar

Oppheving av vedtak - Osterøy - Gnr 58 bnr 1 - Frådeling av parsell - Jordlova

Oppheving av vedtak - Osterøy - Gnr 58 bnr 1 - Frådeling av parsell - Jordlova

Tilbakemelding - lovlegkontroll - Osterøy - avslag på søknad om frådeling etter jordlova

vedr gnr 58 bnr 1 - frådeling

Tilbakemelding – krav om lovlegkontroll –

2721\_001

58/1 - Frådeling av parsell

4562\_001

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**«Osterøy kommune opprettheld administrativt vedtak i sak 323/16. Klagen vert send Fylkesmannen i Hordaland for avgjerd.**

**Osterøy kommune gjev med heimel i jordlova §§ 1, 9 og 12 avslag på søknad om omdisponering av dyrka/dyrkbar jord til bustadføremål og frådeling av ein parsell på 13,8 daa frå landbrukseigedomen gnr.58.bnr.1. i Osterøy kommune."**

**Saksopplysningar:**

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn**

Plan- og kommunalteknisk utval handsama i møtet 13.06.18 krav om lovlegkontroll av sak 044/18, og gjorde då slikt vedtak:

**"Vedtak av 25.04.2018 saksnr. 044/18 vert oppretthalde og krav om lovlegkontroll av vedtak i plan- og kommunalteknisk utval 25.04.2018 saksnr. 044/18 vert send til Fylkesmannen i Hordaland for handsaming, jf. kommunelova § 59, nr. 1 og 2.»**

Vedtaket i sak 044/18 lyder slik:

**«Osterøy kommune opprettheld administrativt vedtak i sak 323/16. Klagen vert send Fylkesmannen i Hordaland for avgjerd.**

**Osterøy kommune gjev med heimel i jordlova §§ 1, 9 og 12 avslag på søknad om omdisponering av dyrka/dyrkbar jord til bustadføremål og frådeling av ein parsell på 13,8 daa frå landbrukseigedomen gnr.58.bnr.1. i Osterøy kommune."**

Fylkesmannen har no handsama kravet om lovlegkontroll og har då gjort følgjande vedtak:

**«Kravet om lovlegkontroll vert avvist.»**

Fylkesmannen ved landbruksdirektøren har handsama klagesaka og har oppheva kommunen sitt vedtak av 25.04.18 grunna ugildskap for to av utvalsmedlemmene.

**«Osterøy kommune sitt vedtak av 25.04.2018 blir oppheva og kommunen må handsame klagen på nytt, då to av utvalsmedlemmane er inhabile i saka.»**

Kopi av brev av 26.06.18 frå landbruksdirektøren ligg ved saka.

Vidare legg ein ved brev datert 17.08.18 med vedlegg frå adv. Arild Nundal.

**Vurdering**

Saka vert lagt fram til ny handsaming i utvalet. Rådmannen har ikkje nye vurderingar i høve til tidlegare saksutgreiingar. Utvalet må handsama spørsmålet om gildskap på nytt, jfr. fylkesmannen si vurdering i saka.

Folkehelse – ikkje vurdert

Miljø - ikkje vurdert

Økonomi – ikkje vurdert

**Konklusjon**

Saka vert lagt fram til ny handsaming.